



Arkiv: FE-150
JournalpostID: 24/20917
Saksbehandlar: Ole Starheim
Dato: 16.05.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
24/020	Finansutvalet	13.06.2024
24/081	Stad formannskap	13.06.2024
24/091	Stad kommunestyre	20.06.2024

Budsjett 2025 - handlingsprogram 2025-2028

Bakgrunn for saka:

- Kommunelova §§ 14-1 – 14-5
- Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner
- Stad kommune sitt økonomireglement kapittel 2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge føresetnadane som er gjennomgått i saksutgreiinga og vedlegg til grunn for det vidare budsjettarbeidet
2. Kommunestyret vedtek å halde fram med følgjande økonomiske handlingsreglar for Stad kommune:
 - a. Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn 80% av det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg.
 - b. Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter)
 - c. Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.
1. Stad kommune søker om deltaking i læringsnettverk for kommunar i Vestland.
Deltakutgifter skissert til kr 250.000,- vert dekt frå kommunen sitt disposisjonsfond

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 13.06.2024

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge føresetnadane som er gjennomgått i saksutgreiinga og vedlegg til grunn for det vidare budsjettarbeidet

2. Kommunestyret vedtek å halde fram med følgjande økonomiske handlingsreglar for Stad kommune:
 1. Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn 80% av det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg.
 2. Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter)
 3. Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.
3. Stad kommune søker om deltaking i læringsnettverk for kommunar i Vestland. Deltakutgifter skissert til kr 250.000,- vert dekt frå kommunen sitt disposisjonsfond
4. Arbeid med revisjon av reguleringsplanen for Langelandsåsen skal innarbeidast i budsjettet for 2025. Det same gjeld utarbeiding av ny reguleringsplan for bustadfelt på Haugen.

Vedlegg i saka:

05.06.2024	Statsforvaltaren - RNB 2024 og kommunepropen 2025	1676559
05.06.2024	Kommunepropen 2025 - fordelingsverknader per kommune	1676561
05.06.2024	Kommunepropen - kommunetabell-vedlegg-7-kprp-2025	1676560
05.06.2024	Læringsnettverk for kommunane i Vestland - invitasjon	1676562
05.06.2024	Læringsnettverk for kommunane i Vestland - informasjonsmøte 05.06.2024	1676563
06.06.2024	Kommune-Noreg og framtida - Kommunal Rapport 04.06.2024	1676734
18.06.2024	Prosjektskisse for søknad - Deltaking omstillingsprosjekt	1680744
19.06.2024	Fredly Stadlandet Eldretun - Stadlandet Pensjonistlag	1681479

Finansutvalet 13.06.2024:

Handsaming:

FSU - 24/020 Vedtak:

Saka vert teken til vitande.

Stad formannskap 13.06.2024:

Handsaming:

Fellesframlegg tilleggpunkt frå formannskapet:

Nytt punkt 4: Arbeid med revisjon av reguleringsplanen for Langelandsåsen skal innarbeidast i budsjettet for 2025. Det same gjeld utarbeiding av ny reguleringsplan for bustadfelt på Haugen. Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke. Det vart så røysta over fellesframlegg frå formannskapet som vart samrøystes vedteke.

F - 24/081 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge føresetnadane som er gjennomgått i saksutgreiinga og vedlegg til grunn for det vidare budsjettarbeidet
2. Kommunestyret vedtek å halde fram med følgjande økonomiske handlingsreglar for Stad

kommune:

1. Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn 80% av det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg.
2. Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter)
3. Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.
3. Stad kommune søker om deltaking i læringsnettverk for kommunar i Vestland. Deltakutgifter skissert til kr 250.000,- vert dekt frå kommunen sitt disposisjonsfond
4. Arbeid med revisjon av reguleringsplanen for Langelandsåsen skal innarbeidast i budsjettet for 2025. Det same gjeld utarbeiding av ny reguleringsplan for bustadfelt på Haugen.

Stad kommunestyre 20.06.2024:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Venstre:

Nytt fortau Fossevegen Nordfjordeid vert å innarbeide i handlingsprogrammet 2025-2028.

Tilleggsframlegg frå MDG:

Stad kommune skal i arbeid med nytt budsjett og handlingsprogram gjere eingjennomgang av sine innkjøpsrutiner og insvisteringar for å sikre at Stad kommune ikkje handlar med eller investerar i aktørar som bidrar til brot på menneskerettane.

MDG ber i forlengelsen av dette om at administrasjonen gjev kommunestyret ein presentasjon av korleis Stad kommune handlar etisk i neste kommunestyremøte.

Det vart fyrst røysta punktvis over innstillinga frå formannskapet:

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 med underpunkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart vedteke med 29 mot 1 røyst. Marie Kristine Kroken (MDG) røysta mot.

Punkt 4 vart vedteke med 26 mot 4 røyster. Dei som røysta mot var Anfinn Sjøstad (Frp), Dagfinn Olav Kvamme (Frp), Eivind Arne Holmboe (Frp) og Sveinar Alfred Leikanger (Frp).

Det vart så røysta over tilleggsframlegget frå MDG som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over tilleggsframlegget frå Venstre som vart vedteke med 26 mot 4 røyster. Dei som røysta mot var Anfinn Sjøstad (Frp), Dagfinn Olav Kvamme (Frp), Eivind Arne Holmboe (Frp) og Sveinar Alfred Leikanger (Frp).

KS - 24/091 Vedtak:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge føresetnadane som er gjennomgått i saksutgreiinga og vedlegg til grunn for det vidare budsjettarbeidet
2. Kommunestyret vedtek å halde fram med følgjande økonomiske handlingsreglar for Stad kommune:

1. Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn 80% av det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg.
2. Kommunen sitt disposisjonsfond skal i økonomiplanperioden vere av ein storleik som utgjer minimum 10 % av frie inntekter som kommunen får frå staten (rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter)
3. Korrigert netto driftsresultat skal vere på minimum 1,25 % av samla driftsinntekter innan 2028.
3. Stad kommune søker om deltaking i læringsnettverk for kommunar i Vestland. Deltakutgifter skissert til kr 250.000,- vert dekt frå kommunen sitt disposisjonsfond
4. Arbeid med revisjon av reguleringsplanen for Langelandsåsen skal innarbeidast i budsjettet for 2025. Det same gjeld utarbeiding av ny reguleringsplan for bustadfelt på Haugen.
5. Stad kommune skal i arbeid med nytt budsjett og handlingsprogram gjere eingjennomgang av sine innkjøpsrutiner og insvisteringar for å sikre at Stad kommune ikkje handlar med eller investerar i aktørar som bidrar til brot på menneskerettane.
6. MDG ber i forlengelsen av dette om at administrasjonen gjev kommunestyret ein presentasjon av korleis Stad kommune handlar etisk i neste kommunestyremøte.
7. Nytt fortau Fossevegen Nordfjordeid vert å innarbeide i handlingsprogrammet 2025-2028

Saksopplysningar:

I denne saka vil vi så langt det lar seg gjere få fram taloppstillingar på rammenivå og andre hovudpostar for Stad kommune sin komande økonomiplanperiode 2025-2028, ut frå slik budsjettet for 2024 er tilrådd justert pr. juni 2024 og ut frå kommuneproposisjonen for 2025 som blei lagt fram 14. mai 2024. I budsjettet for 2024 blei det vedteke bruk av disposisjonsfond på kr 64,1 mill for å balansere budsjettet, i tillegg til store innsparingstiltak innafor kommunalområda (tenesteytinga). Nye tenestebehov som kjem til i løpet av 2024 vil kome som ekstra utfordring i 2025, oppatt på bruken av disposisjonsfond som blei vedteke i siste handlingsprogram. Her ser vi mellom anna utfordring med nye brukarar som treng tilrettelagd teneste, meir bruk av vikarbyrå innafor helse og omsorg på grunn av mangel på helsepersonell og stort behov for vedlikehald og oppgraderingar av kommunale bygg og anlegg. Dette må takast omsyn til når vi no gjer vurderingar på utgiftsnivået i driftsbudsjettet dei komande åra.

Budsjetthandsaming sommar og haust 2024:

Tidsplanen for arbeidet med komande årsbudsjett og handlingsprogram for Stad kommune vert i hovudsak som følgjer:

Handlingsprogram 2025-2028 til formannskapet og kommunestyret. Prinsippdokument for vidare arbeid med budsjett og handlingsprogram.	Juni
Budsjettrundskriv til einingane	August
Administrativ handsaming i einingane	August - september
Politisk arbeid med tiltak for innsparingar	August - oktober
Statsbudsjettet 2025 vert offentleggjort	7. oktober
Arbeid på leiarnivå med tiltak for å få budsjettet i balanse	Oktober
Saldert budsjett og handlingsprogram til handsaming i finansutvalet/formannskapet	14. november
Saldert budsjett og handlingsprogram til handsaming i råd og utval	25. - 27. nov.
Frå finansutvalet/formannskapet til kommunestyret	28. november
Kommunestyrevedtak	13. desember

Kommuneproposisjonen 2025

Kommuneproposisjonen for 2025 blei offentleggjort den 14. mai 2024. Denne inneheld m.a. informasjon om regjeringa sine forslag til omlegging i inntektssystemet til kommunane frå 2025 og dermed også kva frie inntekter kommunane kan vente å få i 2025.

Stad kommune kjem dårleg ut i regjeringa sitt forslag til endringar i inntektssystemet. Hovudpostar som får størst endring for Stad kommune er summert i denne tabellen (minus er reduksjon på inntekt):

	Stad kommune - endringar i inntektssystemet 2025	Beløp i tusen
1	Endring i kostnadsnøklar og utgiftsutjamning	-3 882
2	Endring i ordningar med særskilt fordeling	459
3	Regionsentertilskotet går ut	-4 342
4	Distriktstilskot, endring av indeks frå 38 til 51	-2 676
5	Auke gjennom innbyggjartilskotet frå ordningar som går ut	808
6	Skatt og inntektsutjamning	4 713
7	Toppfinansiering ressurskrevjande brukarar	1 763
8	Tapskompensasjon for edringar, årleg fast nominelt beløp	3 157
9	Effekt av endringane fyrste året	0
10	Fordeling av vekst i frie inntekter på kr 5,0 mrd i 2025 inkl tapskompensasjonen i pkt 8 ovanfor	5 395

Vedlagt denne saka ligg brev frå Statsforvaltaren i Vestland. Dette brevet inneheld detaljert informasjon knytt til punkta i tabellen ovanfor, og er verdt å lese for dei som ynskjer dette nærare forklart. Inntektssystemet til kommunane er uansett komplisert å forstå om ein ikkje jobbar fast med dette.

Det er gitt signal om ein vekst i dei frie inntektene for kommunane på kr 5,0 mrd frå 2024 til 2025. Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2024 til 2025 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren (deflator) som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Beløpet i punkt 10 i tabellen ovanfor syner kva vekst Stad kommune kan vente å få i frie inntekter frå 2024 til 2025. Om ikkje inntektssystemet hadde blitt endra, så ville Stad kommune hatt ein vekst på kring kr 9,0 mill. Det vil seie at vår kommune tapar kring kr 3,6 mill på denne omlegginga. Det er nokså spesielt. Det er få kommunar som tapar så mykje som Stad kommune, utanom dei kommunane som har særleg høg skatteinntekt. Kommunar som tapar på den samla endringa i inntektssystemet og som har skatteinntekt under 105 % av landsgjennomsnittet, får tapskompensasjon. Det er 29 kommunar i landet som får slik tapskompensasjon etter pkt 8 i tabellen ovanfor. Stad kommune er ei av dei. Sjølv om ein får denne tapskompensasjonen, så gjer summen av alle endringane at Stad kommune er blitt ei fattigare kommune samanlikna med landsgjennomsnittet, og spesielt om ein samanliknar med kommunar rundt oss og tilsvarande like distriktskommunar.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, blant anna auken i dei eldre aldersgruppene. Den delen av veksten i demografikostnader som må bli finansierte av vekst i dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 2,5 mrd. for kommunane.

Veksten i dei frie inntektene må også finansiere auka pensjonskostnader. Departementet har lagt til grunn auke med kr 0,2 mrd. i kommunane sine pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst i 2025.

Statsforvaltaren i Vestland har laga eit omfattande og informativt brev til kommunane om revidert nasjonalbudsjett 2024 og kommuneproposisjonen 2025. Dette følgjer vedlagt saka. Ein kan også lese meir om det økonomiske opplegget til kommunane for 2025 og endringane i inntektssystemet i kommuneproposisjonen Prop. 102 S kap. 2.3:

[Kommuneproposisjonen 2025 - Prop. 102 S](#)

I vedlegg 7 frå side 272 i denne proposisjonen kan ein lese meir om kvar enkelt endring i

inntektssystem, med ein påfølgjande tabell som syner endring for alle kommunane i landet med tal per innbyggjar. Oppstillinga med tal pr. innbyggjar gjer det lettare å samanlikne endringane mellom kommunane.

Budsjett 2025 og handlingsprogram 2025-2028

I tabellen nedanfor har vi gjort ei vurdering på Stad kommune sitt driftsbudsjett for komande økonomiplanperiode 2025-2028, ut frå slik budsjettet for 2024 er tilrådd justert pr. juni 2024 og ut frå kommuneproposisjonen for 2025 som blei lagt fram 14. mai 2024. I budsjettet for 2024 blei det vedteke bruk av disposisjonsfond på kr 64,1 mill for å balansere budsjettet, i tillegg til store innsparingstiltak innafor kommunalområda (tenesteytinga). Pr. 30.04.2024 ser vi at det er noko overforbruk på løn. Dette er teke inn i budsjettendringssak til handsaming i juni. Denne budsjettendringa er også lagt inn i år 2024 i tabellen nedanfor.

STAD KOMMUNE - TABELL 1 Handlingsprogram 2024-2027						13.06.2024
	Kommunestyret 13. juni 2024	Revidert budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Pkt	Alle beløp i tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028
1	Rammefølskot	-384 528	-384 352	-387 352	-390 352	-393 352
2	Inntektsutjamning	-56 648	-39 965	-39 965	-39 965	-39 965
3	Skatteinntekter	-303 310	-326 100	-326 100	-326 100	-326 100
4	Sum generelle frie inntekter	-744 486	-750 417	-753 417	-756 417	-759 417
5	Komp.tilskot skule og omsorgsbustader	-2 930	-2 800	-2 400	-2 000	-1 800
6	Tilskot flyktingar	-37 200	-37 200	-37 200	-37 200	-37 200
7	Pensjon, premieawik, premiefond	-7 792	-7 800	-6 800	-5 800	-4 800
	Sum frie inntekter	-792 408	-798 217	-799 817	-801 417	-803 217
8	Utbyte + konsesjonskraftinntekt	-3 491	-3 491	-3 491	-3 491	-3 491
9	Tilskot frå havbruksfondet	-8 500	-4 500	-8 500	-4 500	-8 500
10	Avkastning frå plasserte midlar	-6 100	-6 100	-6 100	-6 100	-6 100
11	Eigedomsskatt bustad+fridseigedom 3,5 %	-22 000	-25 000	-25 500	-26 000	-26 500
12	Renteinntekter bankinnskot	-6 560	-5 500	-3 500	-2 500	-2 000
13	Renteutgifter lån	64 659	61 968	58 531	60 883	60 880
14	Avdrag på lån	53 400	57 955	59 483	62 444	63 665
	Sum finanspostar	71 408	75 332	70 923	80 736	77 954
	Til fordeling drift	-721 000	-722 885	-728 894	-720 681	-725 263
15	Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	69 513	69 513	69 513	69 513	69 513
16	Oppvekst og opplæring	295 736	295 736	295 736	295 736	295 736
17	Helse og omsorg	318 273	318 273	318 273	318 273	318 273
18	Kultur og samfunn	69 325	69 325	69 325	69 325	69 325
18a	Auke i kommunale avgifter frå VA-investering		-1 734	-6 935	-14 436	-18 636
19	Lønsauke 2024, 5,2 % frå 01.05.2024	24 530	24 530	24 530	24 530	24 530
20	Tilskot Stad Energi- og Eigedomsutvikling KF					
21	Utbyte frå Eid Industrihus AS					
22	Tilskot Stad kyrkjelege fellesråd	7 752	7 752	7 752	7 752	7 752
23	Sum utgifter drift:	785 129	783 395	778 194	770 693	766 493
24	Resultat (minus er lik overskot):	64 129	60 510	49 300	50 012	41 230
25	Bruk/avsetning disposisjonsfond:	-64 129	-60 510	-49 300	-50 012	-41 230
27	Saldo disp.fondet 31.12. inkl. rente/avkastn.fond	105 971	45 461	-3 838	-53 851	-95 080
28	Rente på innlån, %-sats	5,25 %	4,55 %	4,10 %	3,90 %	3,75 %
29a	Lånegjeld pr 31.12 ekskl. vidareutlån	1 361 940	1 427 585	1 561 102	1 623 458	1 664 793
29b	Herav nye låneopptak VA (sjølvkost)	24 600	78 800	117 200	67 200	50 000

Kommentarar til punkta i tabell 1 ovanfor:

Pkt 1-4 Frie inntekter

Det er lagt inn frie inntekter i tabell 1 ovanfor i samsvar med prognosemodellen frå Kommunenes Sentralforbund (KS) som er oppdatert etter framlegginga av kommuneproposisjonen for 2025.

Rammetilskotet er i modellen lagt inn ut frå folketal pr. 01.07.2023, medan skatteinntekter og inntektsutjamning er lagt inn etter folketalet pr. 01.01.2024. Rammetilskotet for 2025 skal fordelast på nytt ut frå folketalet pr. 01.07.2024 når dette er kjent. Frå 01.07.2023 til 31.03.2024 har Stad kommune hatt ein nedgang i folketalet på 7 personar, tilsvarande -0,07 %, medan landet har hatt ein auke i folketalet på +0,88 % for same periode. Skal Stad kommune motta frie inntekter slik det er lagt inn i økonomiplanen, så må kommunen ha ein vekst i folketalet kring landsgjennomsnittet. Folketal pr. 01.07.2024 med fordeling i kvart enkelt kriterie (aldersgrupper, avstandskriterie, osv) er ikkje kjent før i slutten av august. Difor får vi ikkje opplysningar om endeleg rammetilskot før statsbudsjettet vert presentert 7. oktober.

Dei siste 10 åra har kommunane hatt ein gjennomsnittleg årleg reell vekst i dei frie inntektene på kring 1,6 %. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane har. Kommunedirektøren har difor lagt inn ein vekst i rammetilskotet på kr 3,0 mill pr. år for åra 2026-2028, som tilsvarer om lag 0,4 % i realvekst pr. år.

Pkt. 5 Rentekompensasjonar

Dette er statlege rentekompensasjonar som kommunen får gjennom Husbanken for tidlegare investeringar i omsorgsbustader og skulepåbygg, der staten bidreg med kompensasjon for renteutgifta tilsvarande nedbetaling av lån på 25 år inkl. avdragsfritak dei 5 fyrste åra.

Pkt 6 Flyktningtilskot

Det er lagt inn flyktningtilskot ut frå årleg mottak av 50 flyktningar for åra 2025-2028.

Pkt 7 Premieavvik frå pensjonsordningane

Kommunen får årleg faktura frå KLP og Statens pensjonskasse (lærarane) på pensjonspremie ut frå tariffesta avtale. Denne vert ført i kommunen sin driftsrekneskap. Vidare skal det gjerast ei gjennomsnittsberekning på kva den årlege langsiktige pensjonskostnaden for kommunen vil vere, såkalla aktuarberekning. Dette vert gjort av forsikringsselskapa gjennom eit fastsett sentralt reglement og ligg ikkje til grunn for lokal påverknad. Vi får då fram eit årleg premieavvik (avvik mellom betalt premie og berekna pensjonskostnad), som også skal førast i driftsrekneskapen med motpost i balanserekneskapen kvart år, i tillegg til forfalt premie. Disse postane kjem fram i berekningane frå forsikringsselskapa. Premieavviket skal deretter førast tilbake i rekneskapen (ut av balansen) det neste året, eller i løpet av dei neste 7 åra med 1/7 kvart år. Kommunane vel sjølv kva alternativ som skal nyttast. Stad kommune nyttar 7 år på tilbakeføring av premieavviket, sidan denne ordninga tidlegare blei vald av både Eid og Selje. Dette for å få minst mogeleg variasjonar på det årlege beløpet. Dette var også hensikta då regelverket vart innført. Pensjonsselskapa lagar prognose på premie og kostnad kvart år. I september vil vi få oppdaterte tal for 2025 for Stad kommune. Det nøyaktige årlege beløpet for premie og premieavvik veit vi ikkje før vi mottek aktuarberekningar i slutten av januar året etter rekneskapsåret.

Pkt 8 Utbyte og konsesjonskraftinntekt

Stad kommune mottek årleg utbyte frå eigarskapen i Sogn og Fjordane Energiverk AS (eigardel på 1,575 %) og Sogn og Fjordane Holding AS (eigardel på 6,50 %). Dette er budsjettet å bli kr 3,34 mill. I tillegg mottek kommunen konsesjonskraftinntekt for ein liten del konsesjonskraft som kommunen årleg sel til Tussa Energi AS. Dette er budsjettet til kr 150.000,-.

Pkt 9 Tilskot frå Havbruksfondet

I vedtak om budsjett 2024 og handlingsprogram 2024-2027 blei tilskot frå havbruksfondet lagt inn med slike inntekter til kommunen:

2024	kr 8,5 mill
2025	kr 4,5 mill
2026	kr 8,5 mill
2027	kr 4,5 mill

Det ligg ikkje føre nokon konkrete utrekningar som syner kva kommunane kan vente i inntekt frå havbruksfondet dei neste åra. Vi har difor vidareført denne med same intervall i komande økonomiplan. Det er enno ikkje kjent kva kommunen vil få utbetalt frå havbruksfondet i 2024, men vi håpar at ein skal få opp mot det budsjetterte beløpet på kr 8,5 mill. I 2023 fekk Stad kommune utbetalt kr 3,45 mill frå havbruksfondet, medan kommunen fekk kr 9,2 mill i 2022.

Pkt 10 Avkastning frå plasserte midlar

Grunnlaget for kommunen sine langsiktige finansielle aktiva er sal av eigarskapen i Eid Energi AS i 2000 og sal av eigarskapen i Firdakraft AS i 2001. Dette gav ei samla utbetaling til kommunen på kr 73,0 mill som har vore plassert til forvaltning gjennom eksterne forvaltarar. Ein har ikkje teke ut all likviditeten ved tidlegare års avkastning, slik at pr. 01.01.2024 hadde porteføljen ein verdi på kr 130,7 mill inkl. bankinnskot knytt til forvaltninga. Avkastninga er likevel brukt i budsjett og rekneskapen for kvart år. For 2024 er det budsjettert med ei avkastning på kr 6,1 mill. Avkastninga pr. 30.04 er på kr 7,6 mill.

Frå og med 2001 til og med 2023 har det vore ei avkastning på gjennomsnittleg kr 5,1 mill i året, tilsvarande eit snitt på 5,16 % per år. Sidan 2011 har avkastninga i prosent per år vore slik:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
% avkastning	-2,95	7,89	11,06	6,63	5,04	1,98	6,96	-3,33	8,92	5,14	6,74	-6,18	9,15

Kommunelova og forskrift om kommuners finans- og gjeldsforvaltning fastslår at det ikkje er lov for kommunane å ta vesentleg finansiell risiko ved plassering av midlar, som kan virke inn på den kommunale tenesteytinga på kort sikt. Det vil seie at dersom kommunen plasserer midlar i produkt som kan ha store svingingar vedkomande avkastning, må kommunen ha bufferfond for å kunne takle eventuell manglande avkastning ved årsslutt i forhold til budsjett. I 2001 og 2002 måtte Eid kommune legge fram rekneskap med underskot på grunn av manglande avkastning i forhold til budsjett og manglande bufferfond til å dekke tapet med. I 2008 brukte Eid kommune kr 14,8 mill frå fond for å dekke manglande budsjettert avkastning, i 2011 måtte det brukast kr 9,4 mill frå fond og i 2018 blei det brukt kr 5,3 mill frå fond for å dekke manglande avkastning. I 2022 var avkastninga negativ med minus kr 7,9 mill som blei dekt av ekstra driftsinntekter på andre område.

I tabell 1 ovanfor er siste budsjettvedtaket om avkastning lagt til grunn dei komande åra. Det er uheldig å setje avkastninga i budsjettet så høg at det blir ein stor risiko for at ein ikkje når målet.

Pkt 11 Eigedomsskatt bustad og fritidshus

Eigedomsskatt blei innført på bustadhus og fritidshus frå 2014 i Eid og frå 2015 i Selje. Skattesatsen blei sett til 3,5 promille for 2024. Det er budsjettert med ei inntekt på kr 22,0 mill i 2024. Skattesats på 3,5 promille er vidareført i heile planperioden. Det vil likevel bli ein liten årleg vekst i inntekta på grunn av årleg justering av formuesgrunnlaget frå skatteetaten og nye einingar som kjem til. Det blir også gjort ny taksering i 2024 på eigedomar som ikkje har formuesgrunnlag frå skatteetaten. Dette gjeld bustadhus på landbrukseigedomar og fritidshus. I budsjettframlegget for 2025 er inntekta frå eigedomsskatt sett til kr 25,0 mill. Ei endring i skattesatsen på 0,1 promille vil gje ei endring i kommunen si inntekt frå eigedomskatten på kring kr 630.000,-.

Nokre politiske parti arbeider med at maksimal promille for eigedomsskatt gradvis skal justerast ned, og på sikt vert det arbeidd med at eigedomsskatten skal gå ut. For 2024 kan satsen på bustad og fritidshus maksimalt setjast til 4,0 promille. Vi vil få nærare informasjon om det blir endringar for 2025 når statsbudsjettet vert presentert i oktober.

Pkt 12 Renteinntekter

Kommunen vil alltid ha eit nokså stort beløp på driftskonto for dagleg betaling av utgifter. Kvar lønsutbetaling for kommunen utgjer om lag kr 50,0 mill ut av driftskontoen. Dette gjer at snitt

saldo på driftskonten bør ligge over kr 75,0 mill. Bruk av disposisjonsfond i rekneskapen vil direkte virke inn på kommunen sin likviditet og svekke denne tilsvarande. I siste vedteken økonomiplan er det budsjetttert å bruk opp heile kommunen sitt disposisjonsfond. I tillegg vil truleg marknadsrenta gå noko ned dei komande åra i høve 2024. Dette vil gje nedgang i renteinntekta i komande økonomiplanperiode.

Dersom kommunen går tom for disposisjonsfond, vil ein også måtte trekke inn storparten av midlane som ligg eksternt plassert. Dette for å ha likviditet på bankinnskott til å betale løpande driftsutgifter. Då vil ein også miste avkastninga frå disse midlane, som per i dag ligg med ei årleg budsjetttert inntekt på kr 6,1 mill.

Kommunen si lånegjeld

Stad kommune vil ha ei brutto lånegjeld på kr 1,4 mrd pr. 01.01.2025. Dette vil utgjere om lag 120 % av brutto driftsinntekt. Landsgjennomsnittet er kring 110 %. Netto renteeksponert lånegjeld vil være om lag 70 %, medan landsgjennomsnittet her er om lag 50 %. Dette gjer at Stad kommune må bruke ein vesentleg større del av dei frie inntektene til betaling av rente og avdrag enn landsgjennomsnittet. Vidare vil Stad kommune få ein vesentleg større vekst i renteutgifta enn landsgjennomsnittet ved ei renteauke.

Den høge lånegjelda kjem som eit resultat av fleire store (og gode) investeringsprosjekt dei siste åra. Det har stort sett vore politisk semje om dette. Det har også vore politisk semje om at når dei store investeringsprosjekta som pågår er ferdigstilt, skal ein vere varsam med å vedta oppstart av nye prosjekt som vil gje ytterlegare auke i lånegjelda. Kommunestyret vedtok i sak 23/092 den 15.06.2023 m.a. dette som ein av kommunen sine økonomiske handlingsreglar: «*Nye årlege låneopptak skal gjennomsnittleg over to år ikkje vere større enn 80% av det kommunen betalar i årlege avdrag på lån. Låneopptak til sjølvkostområdet kan kome i tillegg*». Tabell med framlegg om investeringar i komande planperiode vil bli lagt fram ved budsjetthandsaminga i november.

Pkt 13 og 28 Renteutgifter

Pr 30.04 er gjennomsnittleg rente på kommunen sin låneportefølje 4,53 %. Sentralbanken varslar at toppen av rentenivået truleg er nådd og at ein kan vente nedgang i 2025 på kring 0,5 %. I tabell 1 er det lagt til grunn lånerente for dei neste fire åra ut frå Kommunalbanken si siste vurdering pr. mai 2024.

Pkt 14 og 29 Avdrag på lån

Det er lagt til grunn betaling av avdrag etter "minste lovlege avdrag" i samsvar med ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Det vil seie at lån til investeringar skal nedbetalast med like årlege avdrag over same tid som gjennomsnittleg forskriftsmessig avskrivingsstid på kommunen sine anleggsmidlar. Ut frå kommunen sin balanserekneskap, skal lånegjelda betalast ned over 23,5 år i 2024. Det er saldo pr. 31.12. året før budsjettåret som skal leggst til grunn. Det er lagt inn låneopptak i åra 2024-2027 tilsvarande det som blei vedteke i sist økonomiplan. På grunn av dette, vil både renteutgift og avdrag auke. Det er lagt inn ei ekstra rad nr 18a, som syner at det også vert auke i kommunale avgifter til dekning av den delen av årlege nye låneopptak som gjeld VA. Denne inntekta ligg i ramma til kommunalområdet Kultur og samfunn.

Pkt 15-18 Rammer for kommunalområda

Det er lagt inn økonomiske rammer for 2025 – 2028 som er vidareført frå budsjett 2024 inkl. tilrådd budsjettendring i juni 2024. Rammene til kommunalområda er ikkje redusert i perioden 2025-2027 i høve 2024 med dei udefinerte innsparingane som blei vedtekne i sist vedteken økonomiplan 2024-2027.

Denne vedtekne innsparinga fordelte seg slik:

Innsparingar vedteke des 2023	Utført i 2024	Vidare innsparingar 2025-2027		
		Frå 2024 2025	Frå 2024 2026	Frå 2024 2027
Sentraladministrasjonen	1 500	1 000	2 000	3 000
Oppvekst og opplæring	5 000	15 000	20 000	25 000
Helse og omsorg	13 400	6 600	11 600	16 600
Kultur og samfunn	2 600	2 900	3 900	4 900
Fellesrådet	300	200	400	600
	22 800	25 700	37 900	50 100

Vi veit at bemanninga er ekstremt låg på mange område i organisasjonen. Vidare er det kjent at det vil kome nye brukarar i løpet av 2. halvår 2024 som treng ekstra tilrettelagt oppfølging, noko som er veldig kostnadskrevjande for kommunane. Det er også store utfordringar med etterslep på vedlikehald av kommunale bygg og anlegg. Alt dette gjer det truleg urealistisk å kunne definere konkrete tiltak som skal gje innsparingar tilsvarande det som er vist i tabellen ovanfor. Dette må ein kome tilbake til når kommunedirektøren skal legge fram forslag til saldert budsjett til finansutvalet og formannskapet 14. november 2024.

Pkt 19 Lønsauke

Lønsauken for 2024 vil bli kring 5,2 % og ligg i ein ufordelt pott. Denne vil bli fordelt på rammeområda når resultatet av alle lønsforhandlingane er kjent, inkl. dei lokale forhandlingane. Lønsauke for 2025 blir ikkje lagt inn i denne samanheng. Dette fordi heile budsjettet (både inntekter og utgifter) er vidareført i perioden 2025-2028 ut frå 2024-kroner. Både inntekter og utgifter må justerast for løns- og prisauke i 2025 når deflatoren i statsbudsjettet er kjent.

Pkt 20-21 Driftstilskot Stad energi- og eigedomsutvikling KF

Dersom det kjem behov for driftstilskot til Stad Fjordvarme KF i planperioden, vil dette bli dekt med utbyte frå AS Eid Industrihus. Dette selskapet eig ikkje anlegg, men har att om lag kr 5,0 mill i bankinnskot som kan betalast ut som utbyte til Stad kommune. Planen er at dette skal nyttast når KF-et treng midlar til å dekke eventuelle underskot i drifta.

Pkt 22 Driftstilskot til Stad kyrkjelege fellesråd

Dette er vidareført med same beløp som vedteke for 2024.

Pkt 24 Resultat (minus er lik overskot)

	Alle beløp i tusen kroner	2024	2025	2026	2027	2028
24	Resultat (minus er lik overskot):	64 129	60 510	49 300	50 012	41 230

Ved vidareføring av driftsbudsjettet/tenestenivået frå 2024, vil kommunen ha eit årleg underskot på kring kr 50,0 mill kvart år i planperioden. Med dei utfordringane som kommunane står overfor, vil dette underskotet truleg bli større om ein ikkje får til vesentlege endringar i drifta.

Pkt 27 Bruk av kommunen sitt disposisjonsfond

Stad kommune vil ha eit disposisjonsfond på om lag kr 51,0 mill pr. 31.12.2024 dersom rekneskapen for 2024 vert som revidert budsjett. I tillegg har kommune eit rente- og avkastningsfond på kr 55,1 mill, som etter regleverket også er å sjå på som eit fritt disposisjonsfond. Summen av disse to vil være brukt opp i løpet av 2026 dersom ein ikkje finn konkrete innsparingstiltak. Dette syner at kommunestyret må gjere vedtak om tiltak som tek ned driftsutgifta betydeleg dei komande åra dersom ein ynskjer å unngå at kommunen kjem i ROBEK-registeret (register om betinga godkjenning og kontroll). Ein 4-årig økonomiplan/handlingsprogram som ikkje er i budsjettbalanse, vil være grunnlag for Statsforvaltaren til å melde kommunen inn i Robek-registeret gjeldande frå det fyrste året i planperioden. Dette gjeld også dersom storparten av innsparingane som gir budsjettbalanse ikkje er klart definert, jf. budsjettbrevet frå Statsforvaltaren som ligg ved denne saka.

Det er svært uheldig om kommunen må bruke opp alle sine disposisjonsfond for å halde budsjett og rekneskap i balanse. Ein kommune utan disposisjonsfond vil ha store utfordringar med å finansiere tiltak og prosjekt som kjem til i løpet av året, og det vil være om lag umogeleg å unngå Robek-registeret.

På regjeringa si nettside kan ein lese meir om dette registeret:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/robek-2/id449305/>

Nye utfordringar gjennom budsjettarbeidet hausten 2024

Vi veit av erfaring at i løpet av hausten og ved gjennomgang av budsjett for neste år, vil det kome til nye behov og utfordringar utan tilhøyrande inntekter. M.a. gjeld dette nye ressurskrevjande tiltak innanfor helse, omsorg og oppvekst, kjøp av vikarteneste frå eksterne firma, vedlikehald bygg og anlegg, osv. Alt dette gjer det truleg urealistisk å kunne definere konkrete tiltak som skal gje store nok innsparingar på kommunalområda. Dette må ein kome tilbake til når kommunedirektøren skal legge fram forslag til saldert budsjett til finansutvalet og formannskapet 14. november 2024.

Plan for drift og utvikling av formålsbygg og utleigebustadar i Stad kommune

Det vert lagt fram ei eiga sak til kommunestyret i juni knytt til drift og utvikling av kommunen sine formålsbygg og utleigebustadar.

Det vil vere naudsynt med brei og tverrsektoriell innsats i åra framover for å utvikle Stad kommune til eit aldersvenleg samfunn. I tråd med kommunedelplanane for helse og omsorg og oppvekst, må kommunen arbeide vidare med å dreie ressursinnsatsen frå reparasjon og behandling til førebygging og tidleg innsats. Stad kommune si innsats- og bustadtrapp er førande for korleis kommunen skal dimensjonere tenestene på dei enkelte trinna. Dei lågaste trinna må byggast ut, samtidig som tenester for heildøgns omsorg skal ytast til innbyggjarar med omfattande og samansette behov. Det må også arbeidast aktivt med ei aldersvennleg stadutvikling og eit differensiert bu- og tenestebehov.

Saka kan nyttast som kunnskap inn i budsjettarbeidet, og kommunestyret kan gjennom den saka gje tydelege føringar for korleis ein ønskjer å arbeide i økonomiplanperioden for å kople strategisk eigedomsutvikling og tenesteyting.

Saka inneheld framlegg til vedtak knytt til bygg og drift både innafør Helse og omsorg og innafør Oppvekst.

Læringsnettverk for berekraftig omstilling

KS i samarbeid med Statsforvaltaren inviterer kommunar i Vestland til å søkje om deltaking i læringsnettverk knytt til berekraftig omstilling.

Bakgrunn

Verda, Noreg og kommunesektoren står overfor store utfordringar i åra framover. Desse utfordringane krev store og raske omstillingar samt tydelegare politiske prioriteringar. Kommunane og fylkeskommunane har ansvar for å løyse viktige oppgåver. Når utfordringane er store, blir politiske prioriteringar både vanskelegare og viktigare. Interessene vil ofte stå mot kvarandre, og knappe ressursar må forvaltast slik at også komande generasjonar har tilgang til velferdsgode og ein miljømessig balansert klode (henta frå Kommunesektoren sine politiske prioriteringar 2024-2027).

Kommunesektoren har sjølv særleg peikt på følgjande utfordringar

- Trongare økonomi krev vanskelege prioriteringar
- Mangel på arbeidskraft og relevant kompetanse

- Auka helse- og omsorgsbehov

Dette er bakgrunnen for at Statsforvaltaren i Vestland saman med KS Vestland tilbyr læringsnettverk for politisk og administrativ leiing der ein vil fokusere på:

- korleis sikre berekraftig økonomisk omstilling
- korleis sikre tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse
- kva som må til for å møte dei auka behova for helse- og omsorgstenester.

Målgruppe

Alle kommunar i Vestland er velkomne til å søkje om å delta i læringsnettverket. Læringsnettverket vil bestå av 6-8 kommunar, og ved stor interesse for deltaking vil det skje ei prioritering.

Kommunar som ynskjer å delta må stille med

- Ordførar
- Gruppeleiarar/medlemmar frå formannskapet
- Kommunedirektør
- Representantar frå kommunedirektøren si leiargruppe
- Økonomisjef

Utgifter knytt til deltaking i læringsnettverket

Kommunane må dekke eigne utgifter knytt til reise, opphald og dagpakkar. Ved deltaking av kring 10 personar pr. samling og 5 samlingar med utgift på kr 5.000,- pr. deltakar, vil dette gje ei utgift på ca kr 250.000,- for kommunen.

Ein kan lese meir om læringsnettverket i denne lenka:

[Nytt læringsnettverk: Berekraftig omstilling - KS](#)

Det ligg også ved ein presentasjon som vedlegg til denne saksutgreiinga med informasjon knytt til dette læringsnettverket.